

Januarmånadsbrev frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305:

- NYTTÅRSHELSING
- ANDRE DEL AV ROTARYÅRET 24/25 ER I GANG
- KVA SKJER I DISTRIKTET?
 - MIDTVEGSSAMLING
 - PELS
- MÅNADENS TEMA

Godt nyttår!



Eg håper alle har hatt ei fin og fredeleg jule- og nyttårsfeiring! Sjølv feira eg her på Flø saman med nokre av dei næraste og kjæraste: dotter, svigerson og det yngste barnebarnet mitt Håkon på 8 år.

Det er noko magisk i å oppleve juleferien gjennom barneauge: hogge juletre i den snille naboen sin skog, pynte treet med ei salig blanding av årgangspynt og nye snøkrystallar som Håkon har perla. Ut i stormen med hunden og speide etter oter og ørn på stranda. Klatre på kampesteinar, finne skattar som djupvasskorall og sjeldne steinartar med fine fargar. Plukke med seg plast som stormen har vaska opp. Kome våte og kalde inn til fyr på peisen, kakao og julesnop, og sette seg tett saman under eit pledd og diskutere Star Wars, Pokemon og dei barneprogramma som er populære akkurat no og som eg latar somom eg forstår noko av. Det blir litt tomt når dei reiser, og så er det berre å ta fatt på kvardagen igjen og glede seg til neste gong vi treffast.



Grøn og fuktig jul på Flø

Litt slik er det i Rotary også. Det var så kjekt å treffe dykk alle på guvernørbesøka, møte igjen gamle kjende og helse på fine nye Rotaryvennar som eg ikkje har truffe før. Heldigvis byr det nye året også på nye høve til å treffast: fleire klubbar har alt invitert til jubileumsfeiring og arrangement, og som vanleg arrangerer vi både Midtvegssamling for distriktsadministrasjonen, Presidentopplæring PELS (tidlegare PETS) og ikkje minst leiaropplæringa for unge RYLA! Sjå meir informasjon lenger nede i månadsbrevet.

Andre halvdel av Rotaryåret 24/25 er i gang!

Tida fyk avgarde, og no er vi plutseleg i andre halvdel av Rotaryåret 24/25. Klubbane har alt starta aktivitetane sine for 2025. Årsmøtet er gjennomført, ny president og nytt styre er valt og innrapportert (Sjå Handboka side 11 klubbenes årshjul). Programma for januar – juli er allereie langt på veg planlagt og fleire vil gjennomføre «intercitymøter» med naboklubbene, årsfester og sosiale møtekvelder. AGane er aktive med presidentforum der klubbane hentar inspirasjon frå kvarandre og diskuterer aktivitetar.

Vi minner om fortløpande innmelding av måloppnåing i Club Central. Husk at der klubben ikkje har sett mål, skriv de 0 (null). Klubbane i distrikt 2305 er flinke å legge inn mål i Club Central og veldig flinke til å rapportere inn måloppnåing innan fristen (30.juni 2025). Fleire klubbar fikk utmerking for god måloppnåing førre Rotaryår, og her reknar vi med at dette held seg oppe i år også.

Kva skjer i distriktet?

Midtvegssamling for distriktsorganisasjonen – (District Team Training Seminar - DTTS)

Styret, komiteledere og AGer møtes på Dombås 8. – 9. mars. Første dag drøfter man og rapporterer om aktiviteter fra hele distriktet. Guvernør Lidun Hareide har gjennomført klubbesøk etter ny modell og er blitt veldig godt mottatt i hele distriktet. AGene legger fram status fra sine områder og hvilke aktiviteter de har deltatt på. Det samme gjør komitelederne fra sine komiteer og i sum får distriktsorganisasjonen et godt bilde av første halvår i Distrikt 2305. Det er mye læring og inspirasjon i fremleggingene som gjøres med utgangspunkt i Action Plan.

I tillegg blir det fokus på Rotaryfondet (TRF) som er et aktuelt tema som er viktig for distriktsorganisasjonen å få felles informasjon om.

Andre dag er innkommende guvernørs dag der han vil presentere seg selv og sitt oppdrag og føringer fra neste internasjonale Rotarypresident. Samtidig er det satt av tid til opplæring for AGene og komitelederne med tanke for Rotaryåret 25/26.



Læringsseminar for innkommende presidenter – PELS

22. – 23. mars innkalles alle presidentene i D2305 til læringsseminar for å forberede seg til presidentoppgavene. Det er innkommende guvernør Morten Mo som har ansvaret for opplæringen. Seminaret er obligatorisk for innkommende presidenter. Her får de presentasjon av Rotary Internationals president og hvilke føringer som vil gjelde for neste Rotaryår. Samtidig blir det fokus på drift og

ledelse av klubbene. Årets håndbok for D2305 blir utdelt og presentert for å være et godt verktøy for innkommende presidenter, styrene og klubbenes medlemmer. Det er avsatt tid til å bli kjent med distriktsorganisasjonen og presidentene i tillegg til AGene i de respektive områdene i presidentforum.

Månadens tema: RYLA (Rotary Youth Leadership Awards)

RYLA – eit seminar om leiing og samspel mellom menneske

Snart er det igjen klart for vårens vakraste eventyr, nemlig RYLA! RYLA er eit seminar om leiing og samspel mellom menneske. RYLA vert arrangert av Rotary og er et tilbud til unge menneske i aldersgruppa 20-30 år.



Dette kan være personar som er i jobb, som studerer eller er engasjert i andre aktivitetar. Spreiing i bakgrunn skaper dynamikk og spanande diskusjonar, Dette gir større utbytte til alle som deltek og gir høve til å utvikle nye og spanande relasjonar på tvers av fagbakgrunn. Eg har sjølv deltatt på RYLA og kan melde om høg stemning, mange AHA-opplevingar og svært nyttig kunnskap.

For at vi skal kunne oppretthalde dette fantastiske tilbodet, er vi heilt avhengige av at klubbane går aktivt ut og skaffar deltakarar. Vi foreslår at om klubben ikkje har ein RYLA-komité, så bør det opprettast ein slik opprettast umiddelbart, slik klubben kan jobbe systematisk med å skaffe deltakarar. Deltakaravgifta kan finansierast av klubben, av arbeidsgjevar eller av deltakaren sjølv.

Kva seier andre om RYLA?



Thor Martin Eidem, president i Ulstein Rotaryklubb og pensjonert leiar for BDO Sunnmøre, har vore ein stor pådrivar for å markandsføre RYLA i ei årrekkje. På spørsmål om kvifor han brenn for RYLA, svarer han følgjande:

BDO AS sin avdeling på Sunnmøre har ca 50 tilsette som leverer revisjon, advokat- og konsulenttenester til næringslivet på Sunnmøre. Mange av våre ansatte med 3-5 års praksis

har deltatt på Ryla samlinger. Tilbakemelding fra deltakerne er at samlingene er god investering i medarbeiderutvikling. Deltakerne får teoretisk og praktisk innsikt i det å være leder. I tillegg treffer de ledertalenter fra andre bedrifter og bygger nettverk gjennom faglige og sosiale opplevelser. Ryla-samlingen er god opplevelse for deltakeren og nyttig for arbeidsgiveren.

Pensjonert BDO Leder

Thor Martin Eidem

+47 92609733

Også i år tilbyr vi RYLA både i aust og i vest med 30 plassar kvar:



RYLA Øst: 14. til 16. mars på Honne hotell og konferansesenter på Biri, 15 minutt nord for Gjøvik. Fokuset er på situasjonsbestemt leiing, å forstå seg sjølv og andre betre (typologiar), berekraft og trepartssamarbeidet i næringslivet. I tillegg fokuserer programmet på utforsringar kvinner kan ha i leiande posisjonar og økonomistyring for leiarar.

Ansvarleg for kurset er Torbjørn Skogsrød og Hunn Gjøvik Rotaryklubb

RYLA Vest: Årets RYLA-seminar blir halde på Thon Hotel Ålesund fra 24. til 26. april 2024, torsdag ettermiddag til lørdag ettermiddag. Gjennom foredrag og gruppearbeid vil vi ta opp noen aktuelle og spennende temaer som en møter som leder og i samspill med andre mennesker. Ansvarleg er Rolf Klock, Ålesund Rotaryklubb.



Meir info på heimesida vår <https://d2305.rotary.no/no/nyhetsdetaljer/415?page=4>

Alt godt!

Lidun Hareide

Distriktsguvernør 2024 - 2025

